



Referat frå Kviteseid sokneråd

Tid: Torsdag 04. juni 2026 kl. 17.00 – 20.00

Stad: Kommunehuset, Brunkebergsalen

Desse møtte: Marit Sørby, leiar, Sigrun Garvik Moen, nestleiar, Dagfinn Køhn, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund, Sigrun Lønning Solvang (sokneprest), Tarjei Draugedal (ordførar og kommunerepresentant), Jon Svartdal (kyrkjeverje), 1. vara Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, og 2. vara Geir Helge Susort.
Forfall: Astrid Elisabeth Breivik og Anne Oddny Foldøy.

Kopi vert og sendt til dei andre varamedlemmene: Jorunn Simonsen, (3.v.) Jan Rune Bjørnson (4.v.) og Monica Haugestøl (5.v.).

Opningsord v/ Sigrun Lønning Solvang, nr. 460 i salmeboka.

Servering Kaker v/Marit Sørby

Oversikt over saker:

Sr-sak 24.26 Innkalling og sakliste

Sr-sak 25.26 Godkjenning av referat frå møtet 15.04.2026

Sr-sak 26.26 Orienteringssaker

Sr-sak 27.26 Vedtaka rekneskapen for 2025

Sr-sak 28.26 Disponering av mindreforbruket i 2025

Sr-sak 29.26 Vedtaka årsmeldinga for 2025

Sr-sak 30.26 Møtedatoar for soknerådet hausten 2026

Sr-sak 31.26 Eventuelt

28.05.2026

Marit Sørby

Soknerådsleiar

Sr-sak 24.26 Innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste blei sendt ut på e-post 28.05.2026.

VEDTAK:

Innkallinga og saklista er godkjent.

Sr-sak 25.26 Godkjenning av referat frå møtet 15.04.2026

Referatet er tidlegare sendt ut, det har ikkje kome tilbakemeldingar om feil.

VEDTAK:

Referat frå møtet 15.04.2026 er godkjent.

Sr-sak 26.26 Orienteringssaker

Økonomirapport januar – april 2026, sjå vedlegg, vurdering av tala blir gjort av kyrkjevevja i møtet.

Evalueringar av aktivitetane sidan førre møte, sokneprest, soknerådsleiar og kyrkjevevja orienterer, oppmoding om utfyllande opplysingar. *Bispevisitas og konfirmasjonar var det viktigaste.*

Aktivitetar framover, soknepresten orienterar.

Revidert gudstenesteplan, soknepresten orienterer. *Det blei oppdaga at det ikkje var opning av bygdetunet 21. juni som har blitt annonsert på plakatar. Det vil bli retta opp.*

Plassering av friluftsgudsteneste i Brunkeberg 9. august, soknepresten orienterer. *Tidspunktet for gudstenesta blir endra frå kl. 11.00 til kl. 12.00, og Knut Gjersund opplyste at den blir halden på Huvestad.*

Ferieavvikling, ferieliste ligg ved.

Nabovarsel frå Kviteseid kommune om planlagt bubilparkering.

Soknerådet blei på e-post og ved telefonar informert om nabovarselet, så det er kjent. Medlemmene svara på dette, og dei svara ligg nær opp til det endelege svaret som blei sendt til kommunen.

Soknerådsleiaren kontakta så prosten som kontakta Bispedømmet. Her kjem svaret som Kviteseid sokn sende til kommunen:

Dato: 13.05.2026

Til Kviteseid kommune v/Tarjei Gjellstad, kommunalsjef

Kviteseid sokn viser til oversendt nabovarsel med søknad om dispensasjon frå reguleringsføremaal med tanke på etablering av bubilparkering i nærleik av gravplass ved Kviteseid kyrkje.

Soknerådet ber om at fråsegn frå Agder og Telemark biskop blir tatt til følge saman med eventuelle merknadar frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

I vår uttale viser vi til Kyrkjerundskrivet og vår rett til å uttale oss, og til Statsforvaltaren si rolle som gravferdsmyndigheit.

Vi vil ta med at det vil vera uheldig med bubilplass så nær gravplass i høve til gravferdsseremoniar, og i høve til stad for sorgjande som kan føle det ubehageleg med støy frå utsida av bubilane.

Vi ser at det innan 15 - 20 års tid vil vera behov for å utvide av gravplassen heilt fram til den planlagde bubilparkeringa.

Helsing

Kviteseid sokn

v/soknerådsleiar Marit Sørby

Om vidare undersøking av Kviteseid gamle kyrkje.

Denne e-posten kom til Maria sin e-post 4. november:

Til kyrkjeverja i Kviteseid/soknerådet

Takk igjen for støtte og deltaking på dateringsarbeidet av Kviteseid gamle kyrkje. Det er veldig spanande resultat, som me gjerne ynskjer å arbeide vidare med. Difor har eg no sendt to søknadar til Kyrkjebevaringsfondet (fristen var no på sundag). Den fyrste er etter ynskje frå Jørn Berget som ynskjer å ta fleire prøver og også undersøke nærare verktøyspor, materialkvalitetar og handverkshistoria i takkonstruksjonane. Slik vil me få fram eit tydlegare bilete av dei ulike epokane eller fasane i bygginga av kyrkja. No under lanseringa av 1172 som det nye byggeåret undersøkte me om det var restar av ein fyrste grunnmur i skipet, og slik forklare kvifor vestgavlen er frå 1260 ved at kyrkja vart utvida då. Slik grunnmur fann me ikkje, og me må leite etter andre forklaringar. Søknad om delfinansiering av dette er sendt, men eg må ettersende ei erklæring frå dykk om de godkjenner og er med på tiltaket. Dispensasjon for prøvetaking av Riksantikvaren syter me sjølvsagt for. Eg har også sendt inn ein søknad til som meir går på formidling av kunnskapen om kyrkjebygginga. Denne inneber ikkje noko inngrep i kyrkja. Det me ynskjer er å gjere eit større ope fagseminar om den fyrste kyrkjebygginga i Vest-Telemark. Her er resultata for dei nye dateringane av Kviteseid gamle kyrkje og Eidsborg stavkyrkje grunnleggande. Me tek mål av oss å samle dei 8-10 fremste forskarane på feltet og ta for oss den eldste kyrkjehistoria i regionen. Seminaret er planlagt hausten 2026. Frå seminara vil me be føredragshaldarane om å skrive ut sine bidrag som artiklar, og dette vil danne ein antologi med oppdatert kyrkjeforsking for oss. Kan de vere greie å sende meg ei erklæring på at dette er tiltak de godkjenner? Slik kan eg ettersende dette for den vidare søknadshandsaminga. Ta endeleg kontakt dersom det er noko de lurar på.

Med helsing og ynskje om ein god dag

Dag Rorgemoen, direktør/konservator NMF

Kyrkjeverja sin kommentar: Eg oppfatta dette som ei vidareføring av det arbeidet som var gjort, og som det i høgste grad var i Kviteseid sokn si interesse at blei vidareført. Dag Rorgemoen hadde allereie sendt søknad til Kyrkjebevaringsfondet, så eg sende ei erklæring om at dette var eit tiltak som Kviteseid sokn godkjenner. Det var ikkje tid til å ta dette opp på soknerådsmøtet i desember, men eg ser i etterkant at eg skulle ha konferert med soknerådsleiaren før eg sende erklæringa, og at det skulle ha blitt orientert om dette i soknerådet. Det må eg berre beklage at ikkje har blitt gjort, men rett og slett gløymt i ein kaotisk kvardag. Vedtak frå Kyrkjebevaringsfondet ligg ved.

VEDTAK:

Dette er ei orienteringssak med fleire emne der informasjonen blei teken til vitande.

Sr-sak 27.26 Vedtak av rekneskapen for 2025

Rekneskapen ligg ved i eit eige vedlegg, og syner eit mindreforbruk på kr. 128 935 i høve til budsjettet. Nærare kommentarar står i årsmeldinga, og rekneskapen må vedtakast før ein kan vedta årsmeldinga.

VEDTAK:

Rekneskapen for 2025 er vedteken som den ligg føre.

Sr-sak 28.26 Disponering av mindreforbruket i 2025

Det er obligatorisk å gjera vedtak om korleis eit mindreforbruk i årsrekneskapen skal disponerast, og tilsvarande korleis eit eventuelt meirforbruk skal dekkast inn. Kviteseid sokn fekk eit mindreforbruk på kr. 128 935. Det mest naturlege er å setta det av på disposisjonsfondet som ikkje er bunde til noko bestemt føremål.

VEDTAK:

Mindreforbruket på kr. 128 935 blir sett av på disposisjonsfondet.

Sr-sak 29.26 Vedtak av årsmeldinga for 2025

Årsmeldinga ligg ved i eit eige vedlegg. Årsmeldinga er soknerådet si melding om drifta til årsmøtet i kyrkjelyden, som også kan kallast generalforsamlinga. Men årsmeldinga er før ein kjem så langt kyrkjevevje si melding om drifta til sitt styre, soknerådet. Sidan noverande vikarierende kyrkjevevje berre har vore i jobben dei to siste månadene av 2025 har han måtta innhenta mykje av informasjonen både frå styremedlemmer, frivillige og tilsette. No er det opp til soknerådet om dei finn feil eller manglar i årsmeldinga som dei vil korrigere, eller om dei godkjenner og dermed vedtek årsmeldinga som den ligg føre.

VEDTAK:

Årsmeldinga for 2025 blei vedteken med ei lita justering av skrivefeil.

Sr-sak 30.26 Møtedatoar for soknerådet hausten 2026.

Møtedatoane er lagt ut frå omsyn til når kyrkjevevje, sokneprest og soknerådsleiar kan møte, og i forkant ha AU møte om sakene.

VEDTAK:

Møtedatoar for hausten 2025 er: 17. august, 28. september, 26. oktober, og 07. desember.

Sr-sak 31.26 Eventuelt

Dersom nokon har saker som kjem opp i møtet må rådet stemme over om dei skal behandlast og eventuelt føre fram til eit vedtak eller behandlast som ei orienteringssak. *Ida Elisabeth Nilsen Sigurdsli* stilte spørsmål om kvifor det ikkje var sendt ut invitasjon til neste års potensielle konfirmantar i kyrkja når andre trussamfunn hadde sendt ut.

VEDTAK:

Det blir jobba med utsending av invitasjon til neste års potensielle konfirmantar i kyrkja.

Jon Svartdal, kyrkjevevje vikar